



Koseleg felles grillmåltid i finveret laurdag kveld.(Foto: Magne Heggøy)

Denne helga er det 51 fjellsportarar frå Bergensområdet som har base på Rabben Feriesenter. Det er DNT fjellsport Bergen som arrangerer den årlege Basecamp Uskedalen. I løpet av helga samlar deltakarane flotte naturopplevingar ved å delta på ulike turar i dei vakre fjella vi har rundt oss.



Are Sæbø på toppen av klatreruta VILLE OKSAR, den første klatreruta som vart gått i Uskedalen nokon gong. (foto: Endre Rieber Sommersten)

Deltakarane kom fredag kveld, og då vart kvelden brukt til informasjon og utdeling av utstyr. Det var ein Bli kjøtkveld der dei hadde fyr på grillen, og kvar og ein kunne ta med seg grillmat om dei ønskte.

Are Mossefinn Sandvik i arrangørgruppa kunne fortelja at Basecamp Uskedalen var ein fast tradisjon i programmet til DNT fjellsport Bergen. Han hadde vore med kvart år sidan 2012, men kunne ikkje eksakt sei kor lenge arrangementet hadde pågått. Magne Heggøy ved Rabben Feriesenter kunne supplera med at det i alle fall hadde føregått i 10 år. Denne gongen var det 51 deltakarar, og aldersspennet var frå tidleg i 20-åra til over 50. Blant deltakarane er det både fastbuande frå Bergensområdet og studentar.

Sjølvsagt er det naturen og mulighetene rundt som er årsak til at Uskedalen er valt. Her har dei også eit godt samarbeid med Rabben Feriesenter. Dei fleste bur i hytter, men det er også nokre som bur i telt. Då eg var nedom i kveldinga laurdag var Steinar Myklebust i gang med å grilla store mengder laks som han hadde marinert. Ved ei hytte var ein gjeng deltakarar godt i gong med å skjera opp til salat. Laurdagskvelden er det nemleg tradisjon med stort felles grillmåltid.

På dagtid har dei eit breidt tilbod. Nokre turar med føring som krev spesielt utstyr har førehandspåmelding med begrensa deltakartal. Laurdag hadde det vore arrangert slike turar til Bjørndalstraversen og Botnabreen.

Søndag var det klart for ny blåisvandring på Botnabreen, og i tillegg skulle ei gruppe til Gygrastolen. I tillegg hadde dei mange opplegg som vart planlagt fredag kveld. Laurdag hadde det m.a. vore grupper til Ulvanåso og Malmangernuten, og det hadde vore ei gruppe på klatring i Eikedalen. Søndag var det i tillegg til Gygrastolen og Botnabreen planlagt turar til Ulvanåso, Englafjell og Melderskin, og i tillegg rekna Are Mossefinn Sandvik heilt sikkert med at det vart klatring

- Dette området fungerer heilt suverent for oss. Denne gongen har vi jo truffe heilt glimrande med veret og. Deter ikkje alltid slik, seier Mossefinn Sandvik, men legg til at dei ofte har godt ver på denne tida.

- Vi arrangerer også fast ei veker klatrekurs og ein klatreweekend her i Uskedalen årleg. I tillegg vert områdetmykje brukt til private turar av medlemmer i fjellsportgruppa. Det finst jo ikkje betre klatrefjell i Hordaland enn det vi har her, og det er jo ein kort tur frå Bergen, avluttar Are Mossefinn Sandvik.

Det vert også arrangert ein fotokonkurranse på instagram i samband med Basecamp Uskedalen. Der er det nok mange fine naturbilete.



Steinar Myklebust grillar laks i store mengder. Magne Heggøy i bakgrunnen.



Ved eine hytta vert salaten gjort klar.



Svultne turgjester gjer seg klar til laksemåltid.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Magne Heggøy, Endre Rieber Sommersten og Thor Inge Døssland